
Fra: Kristin Nielsen
Sendt: 15. august 2014 13:19
Til: 'Aksel A Valen'
Emne: SV: Førebels svar - trong for tilleggsinformasjon - gbnr 81/10 Risa

Hei!

Ja, de kan sende tilleggsdokumenta som pfd, men dei må sendast til denne adressa:

postmottak@lindas.kommune.no

Når de sende dette, er det ein fordel om dykk føre på «Gbnr 81/10» og «Sak 14/5926» i tittelfeltet i e-posten.

Når det gjeld nabovarslinga, er det ikkje trong for å varsle fleire enn det som allereie er gjort. Vi ber om at de vise kva informasjon naboane har fått når alle tilleggsdokumenta vert sendt inn.

Med venleg helsing
Kristin Nielsen

Rådgjevar Byggesak
Lindås kommune

Fra: Aksel A Valen [<mailto:aksel@websystemer.as>]
Sendt: 15. august 2014 10:57
Til: Kristin Nielsen
Emne: SV: Førebels svar - trong for tilleggsinformasjon - gbnr 81/10 Risa

Hei Kristin.

Takk for tilbakemelding. Vi skal får orden på dette innen fristen. Kan vi sende scannede tilleggsdokumenter (PDF) til deg?

Jeg har allerede foretatt nabovarsel og har signert gjenpart fra formann i hyttelaget (som vi grenser direkte til) og nærmeste indirekte nabo som er gnr 81 bnr 33 (Grethe Eilertsen). Jeg ser ikke at det er flere som er berørt av dette, men vil gjerne ha tilbakemelding om det er andre jeg skal varsle.

Med vennlig hilsen

Aksel Valen
Daglig leder / Partner
www.websystemer.as

Mobil: +47 913 23 499
Sentralbord: +47 55508580

Fra: Kristin Nielsen [<mailto:Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no>]
Sendt: 15. august 2014 10:39
Til: Aksel A Valen
Emne: Førebels svar - trong for tilleggsinformasjon - gbnr 81/10 Risa

Aksel Valen

Valagjerdet 15
5355 KNARREVIK

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar:	Kristin Nielsen	15.08.2014
Vår: 14/5926 - 14/18358	kristin.nielsen@lindas.kommune.no	

Førebels svar - trong for tilleggsinformasjon - gbnr 81/10 Risa

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.07.2014.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi kan ikkje sjå at søknaden er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 21-3. Skjema for nabovarsling er å finne på www.dibk.no. Dersom du ønskjer naboliste tilsendt, kan du ta kontakt med Lindås kommune.
2. Det må sendast inn situasjonskart i målestokk 1:500 som syner det omsøkte tiltaket. Tiltaket må være målsatt på situasjonskartet og vise avstand til nabogrense.
3. Det må sendast inn planteikning som viser rominndeling, vindauge og dører i samsvar med omsøkte tiltak.
4. Det må sendast inn målsette fasadeteikningar med kotehøgde for møne. Vi ber om at det vert gjort greie for kva materiale tilbygget skal utførast i. (T.d. ståande/liggjande kledning.)
5. Det må sendast inn målsatt snitteikning.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.09.2014. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kopi til:

Mottakarar:

Aksel Valen

Valagjerdet 15 5355

KNARREVIK